

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Utviklingsutvalet	14/29	04.09.2014
Kommunestyret		

Søknadar om konsesjon for kraftproduksjon i Lårdalsåi - Lårdal kraftverk og Lårdalsåi kraftverk

Vedlegg:

1 Innspel frå Nei til utbygging av Lårdalsåi

Saksdokument:

Fullstendige konsesjonssøknadar på:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/>

Konsesjonssøknadane er også lagt ut til gjennomsyn på kommunehuset.

Saksutgreiing:

Lårdalsåi har ei lang historie med kraftproduksjon frå tidleg på 1900-talet og fram til 1975 då det siste kraftverket i åi vart lagt ned.

Det har no i meir enn 15 år vore arbeidd med å få til ny kraftproduksjon for å utnytte dei verdiane som ligg i vassfallet. Fleire alternativ har vore vurdert, og i 2007 sende VTK ein konsesjonssøknad til NVE der heile fallet frå Kleivi til Bandak var med.

Tokke kommune har fallrettar i øvre del ved Kleivi, der inntaksdammen er tenkt bygd. Og Tokke kommunestyre som grunneigar godkjente ei leigeavtale med VTK den 6.des 2005 i sak 05/070 for desse fallrettane.

VTK var til stades og orienterte kommunestyret om planane i dette møtet.

Dei økonomiske vilkåra i leigeavtale er at 60 % av driftsoverskotet i Lårdal kraftverk skal delast på falleigarane etter deira storleik, medan 40 % fell på VTK. Etter 40 år kan falleigarane kjøpe kraftverket på visse vilkår (50 % av teknisk verdi) eller tinge fram ei ny leigeavtale med VTK.

Dei fyrste planane til VTK var avhengig av oreigning då nokre grunneigarar nedst i vassdraget ynskje å bygge ut på eiga hand - for slik å sikre seg betre kontroll og avkastning frå eigen eigedom. Opplysningsvesenets fond (OVF) – som har ei eiga småkraftverkssatsing, var mellom desse. OVF har 20,6 % av fallrettane i nedre del. Det er også slik at direkte uttak av straum til eige forbruk på gardsbruket til vanleg er den mest lønsame måten å utnytte ein fallrett på.

NVE opplyste at ein konsesjonssøknad som var avhengig av oreigning for å bli realisert ville bli lagt 'til side' (sist i sakshandsamingskøen), med fare for ikkje å få konsesjon før tidsfristen for elsertifikat gjeng ut i 2020.

Dette er noko av bakgrunnen for at det no ligg føre to søknadar om konsesjon etter vassressurslova til å bygge ut kvar sin del av Lårdalsåi (to småkraftverk):

a. Lårdal kraftverk (det øvre kraftverket):

- Vest-Telemark Kraftlag er tiltakshavar - leiger fallrettane av grunneigarane på 40 år
- Overskotet delast 60/40 mellom falleigarane og VTK
- Inntaksdam ved Kleivi (398 moh), nedgrave røyrgate til kraftstasjon ved Nydam (166 moh)
- 3,5 MW effekt og 8,7 GWh i årleg produksjon
- 2 m³/s i slukeevne
- Førebels berekna byggekostnad lik 33,4 mill kr – 3,84 kr/kWh

b. Lårdalsåi kraftverk:

- Grunneigarane er tiltakshavar gjennom Eik falleigarlag
- Inntak ved Nydam (166 moh), nedgrave røyrgate til kraftstasjon som er tenkt plassert om lag 100 m frå utlaupet av åi i Bandak på same stad som gamalt kraftverk frå 1915 - nedlagt i 1975
- 1,2 MW effekt og 3,4 GWh i årleg produksjon
- 1,7 m³/s i slukeevne
- Førebels berekna byggekostnad lik 14,5 mill kr – 4,26 kr/kWh.

Det er ikkje lagt opp til å nytte seg av Laugevatnet eller Nössevatnet sine reguleringsanlegg.

Kraftverka kan byggast uavhengig av kvarandre.

Om VTK bygger ut øvre del vil høgspennetnettet i Lårdal måtte forsterkast då eksisterande nett ikkje har kapasitet til å ta i mot 3,5 MW. Planen for det øvre verket er å ta bort leidningar i luft og leggje kabel i røyrgate.

Dette vil ikkje bli gjort om berre nedre kraftverk vert bygd då nettet kan ta i mot den lågare effekten som då vert lasta inn.

Det øvre kraftverket er også avhengig av den planlagde nye transformatorstasjonen i Lio – noko det nedre kraftverket ikkje er.

Til den øvre kraftstasjonen skal det byggast ein veg på om lag 300 m frå tidlegare Bandaksmolt sitt anlegg og langs åi opp til nydam der øvre kraftstasjon er planlagt. Ved nedre kraftstasjon er det planlagt ein vegstubb på om lag 30 m – også langs åi.

Økonomi

Kraftverksplanane inneber ein investering i Lårdal på om lag 50 mill kr, og bruttoverdien av den årlege produksjonen i dei 15 åra med elsertifikat kan ligge ein stad mellom 4 – 6 mill kr.

Kraftverka vil gje eigedomsskatt til kommunen – i overkant av kr 200 000,- pr år for øvre verk og om lag det halve for nedre verk – til saman om lag kr 300 000,- pr år.

Det er ikkje rekna med arbeidsplassar direkte knytt til driftsfasa – øvre kraftverk er tenkt drifta av VTK, medan nedre kraftverk berre skildrar at dei må ha driftspersonell.

Tokke kommune sine 5,4 % av fallet svarar til om lag 0,5 GWh produksjon. Årleg fallleige kan variere mellom 0-null og kr 75 000,- avhengig av marknadsprisen på straum og verdien av ev elsertifikat.

Miljø

Det er gjennomført naturfaglege undersøkingar som ikkje peikar på særlege miljøutfordringar ved ei ev kraftutbygging. Men Lårdal er ei grøderik bygd med stort naturmangfald, og fisk (bekkeauere), fossefall og bever kan få kleinare livsvilkår. Åi er ei dårleg fiskeelv også i naturtilstanden, og er ikkje tilgjengeleg for fiskevandring frå Bandak.

Den samla verknaden for biologisk mangfald er vurdert som liten/middels negativ.

For ålmanta vert nok redusert vassføring i Hommefossen midt i bygda den mest merkbare ulempa ved ei utbygging av det øvre kraftverket. Vassføringa i åi varierer mykje gjennom året, og i periodar med stor vassføring (snosmelting, stor nedbør) gjeng det mellom 15 m³/s og 20 m³/s.

10-års flaum er berekna til 30 m³/s, og 200-års flaum er berekna til i overkant av 60 m³/s. Ein slik flaum fann kan hende stad i 1968 då åi rann over i nedre del og heldt på å reise med delar av kyrkjegarden i Lårdal. Det vart då bygd eit flaumvern/voll samt at kyrkjegardsmuren mot vegen vart forsterka for å hindre nye tilsvarande flaumar. Kraftverket si slukeevne er 2 m³/s, så fossen vil framleis kunne gå mektig når det er stor vassføring.

Konsesjonsvilkår om minstevassføring er eit av dei viktigaste avbøtande tiltak ved kraftutbygging. I Lårdalsåi vil det - etter at kraftverka er sett i drift, berre vera minstevassføringa som gjeng dei fleste dagar i året. Nivået på minstevassføringa er såleis eit viktig omsyn.

Sidan det ikkje er reguleringskapasitet i kraftverka vil det også vera tørre periodar med mindre vassføring enn minstevassføringa, men då ville det også i naturtilstanden vore same låge vassføring, og kraftverket vil stå.

Både kraftverka søker om godkjenning av ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring – som er lovas minimumskrav, på om lag 35 l/s, i tillegg kjem litt resttilsig nedanfor inntaket. I konsesjonssøknaden frå 2007 for utbygging av heile fallet vart det søkt om godkjenning for 58 l/s i minstevassføring. Men med auka merksemd på klimautfordringane og ynskjet om å få fram ny fornybar kraft raskt, så er det politiske signala frå styresmaktene at minstevassføring må vurderast opp mot omsynet til klimamåla.

Minstevassføringskravet har også ein del å sei for lønsemda i kraftverket. Kostnaden med å auke minstevassføringa frå 35 til 100 l/s er for det øvre verket berekna til kr 275 000,- pr år.

Den omsøkte minstevassføringa vil gje eit produksjonstap på om lag 0,5 GWh samanlikna utan krav om minstevassføring – dvs om lag 4 % produksjonstap.

Miljørapporten peikar på at høgare minstevassføring vil gje sikrare hekkførekost av vintererle og fossefall, og foreslår som eit mogleg avbøtande tiltak utsett av rugekasser for fossefall.

Ein kraftstasjon vil gje frå seg litt støy, men dette skal takast omsyn til i konstruksjonen med støyreduserande tiltak, og særleg den øvre stasjonen ligg også godt skjerma i terrenget.

Kultur/fornminne

Det er gjort kulturminneregistreringar i samband med søknadane, og som er vedlagt desse på NVE si nettside. I tillegg vil truleg kulturminnevernet i høyringsrunden fremje krav om meir omfattande arkeologiske undersøkingar før fysiske inngrep vert gjennomført. Lårdal har ei lang historie med mange kulturhistorisk interessante objekt, og det er grunn til å tru at her finst skjulte fornminne i grunnen. Vert slikt funne kan detaljplanane for kraftverket måtte justerast.

Det gamle kraftverket som framleis står i nedre del vert omtala i søknaden. I reguleringsplanen for området er dette kraftverket med bygning og røyrgate regulert til spesialområde verneverdig. I søknaden er det skildra å bygge ein 'museal' del i den nye kraftstasjonen som skal ta vare på dette gamle kraftverket i ein eller annan form. Når byggesøknaden skal handsamast etter plan- og bygningslova bør kommunen ta endeleg stilling til om den konkrete planen tek nok omsyn til det føremål som ligg bak føresegnene i reguleringsplanen. Då vil også antikvarisk mynde (fylkeskommunen) ha kome med ei fråsegn til prosjektet.

Eitt vs to kraftverk

Samfunnsøkonomisk og miljømessig hadde det vore best med eitt felles kraftverk for heile fallet. To kraftverk vert dyrare i investering og drift, og ein får eit naturinngrep/kraftstasjon meir. Men miljøverknadane vert truleg ikkje vesentleg forverra med to kraftverk, og produksjonen blir ikkje vesentleg lågare. Samla kraftproduksjon i dei to kraftverka er om lag som i VTK sin konsesjonssøknad frå 2007, men oppnådd gjennom å redusere minstevassføringa frå 58 l/s til 35 l/s.

Falleigarane i nedre del ynskjer å bygge ut på eiga hand, og når NVE meiner at dei samfunnsmessige omsyna her ikkje er tunge nok til å overkøyre eigedomsretten, så er løysinga med eitt kraftverk for heile fallet ikkje mogleg i praksis.

Småkraftverk er eigedomsskatteobjekt som 'verk og bruk'. Så lenge det er eigedomsskatt på 'verk og bruk' i kommunen må også desse kraftverka betale slik skatt.

Men reglane for mikro,- mini- og småkraftverk er slik at det er skattemessig verdi 1.jan i i likningsåret som er grunnlaget. Dette inneber at til dyrare eit kraftverk er til meir må det betala i eigedomsskatt. Dette er motsett av store kraftverk (over 10 MW installert effekt) – som betalar mindre til dårlegare lønsemd det er i storkraftverket.

Kommunen får om lag kr 100 000,- meir i eigedomsskatt pr år for to kraftverk samanlikna med om heile fallet vart bygd i eitt. Etter som kraftverket vert eldre så aukar avskrivninga og skatten vert lågare.

Kommunen kan truleg fritta ein ev museal del av eit nytt kraftverk for eigedomsskatt – jf lov om eigedomsskatt til kommunane § 7.

Konsesjonsvilkår

Det er normalt i samband med konsesjonar at det vert fastsett vilkår. Døme på nyleg gjeve konsesjon med vilkår finn ein her:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/>

Krav om minstevassføring lik alminneleg lågvassføring fylgjer direkte av lova, men konsesjonen må då gje eit fast mål på denne minstevassføringa.

For denne type konsesjon til småkraftverk etter vassressurslova er det ikkje automatisk revisjon av vilkår etter 30 år slik som i kraftanlegg bygd etter vassdragsreguleringslova. Men NVE kan fastsetje slike vilkår, og det vert tilrådd at dette vert eit krav frå Tokke kommune si side i denne konsesjonen. Grunngeving for ynskjet om revisjonsintervall er at åi renn midt gjennom bygda Lårdal med sitt fine kulturlandskap, og at det såleis bør vera ein heimel for å vurdere vilkåra når kraftverket har vore i drift ein slik periode.

Gildskap

Det er reist spørsmål om gildskap frå OVF si side mot Tokke kommune, sidan kommunen både har fallrett som skal leigast ut til det øvre kraftverket, samt er aksjonær i VTK. Men forvaltningslova sine reglar om gildskap gjeld berre for

enkeltpersonar, slik at kommunestyret som organ ikkje er ugilde til å gje høyringsfråsegn – jf 'Forvaltningslova i kommunane' av Grimstad og Halvorsen side 164, der ein peikar på ei avklaring frå justisdepartementet si lovavdeling om dette. Fylkesmannen stadfestar også denne tolkinga av habilitetsspørsmålet.

Oppsummering av fordelar og ulemper med tiltaket:

Fordelar:

- Investeringar i Lårdal på om lag 50 mill kr med tilhøyrande ringverknadar i anleggsperioden
- Årleg bruttoverdi av produksjonen rundt 5 mill kr
- Styrkar økonomien til fleire gardsbruk i bygda
- Sikrare straumforsyning til Lårdal
- Delar av høgspennettet gjennom bygd vert skjult (vert grave ned - gjeld for øvre kraftverk).
- Kommunen vil få om lag kr 300 000,- i årleg eigedomsskatt frå kraftverket, samt ein variabel sum ut frå overskotet i Lårdal kraftverk i falleige.

Ulemper:

- Mindre vassføring i åi – mest merkbart i Hommefossen
- Ein kraftstasjon gjev litt støy jamvel med støyreduserande tiltak.

NB: Til møte i UTU kom det inn eit brev frå innbyggjarar i Lårdal som er lagt ved til handsaminga i kommunestyret.

Rådmannen si tilråding:

Tokke kommune støttar søknadane om konsesjon for bygging av Lårdal kraftverk og Lårdalsåi kraftverk slik dei ligg føre, og ber NVE gje konsesjon i tråd med praksis for småkraftverk med ei minstevassføring lik den alminnelege lågvassføring – jf vassressurslova §10.

Kommunen meiner det er tenleg med ein heimel for å kunne revidere konsesjonsvilkåra på lik linje med konsesjonar etter vassdragsreguleringslova (30 år revisjonsintervall). Grunngeving for dette er at Lårdalsåi er eit sentralt og viktig landskapselement i bygda Lårdal, og det bør vera høve for ålmenne interesser til å krevje revisjon av vilkår etter at kraftverka har vore i drift ein slik periode.

Området der kraftstasjonen til nye Lårdalsåi kraftverk er tenkt plassert er regulert til spesialområde verneverdig grunna den gamle kraftstasjonen som ligg der i dag. Kommunen vil så langt råd er syte for at denne reguleringsføresegna ikkje hindrar utbygging når omsynet bak vernet vert stetta på ein god måte.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 16.09.2014

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vedlagte framlegg til reglement for godtgjersle til folkevalde vert godkjent med dei ev endringar som vert vedteke av kommunestyret.
2. Endringane tek til å gjelde frå vedtaksdato, med unntak av telefongodtgjersle og godtgjersle til leiar av rådet for eldre og funksjonshemma (REF) som gjeld frå 1.jan 2014.

PS 14/47 Søknadar om konsesjon for kraftproduksjon i Lårdalsåi - Lårdal kraftverk og Lårdalsåi kraftverk

NB: Til møte i UTU kom det inn eit brev frå innbyggjarar i Lårdal som er lagt ved til handsaminga i kommunestyret.

Rådmannen si tilråding:

Tokke kommune støttar søknadane om konsesjon for bygging av Lårdal kraftverk og Lårdalsåi kraftverk slik dei ligg føre, og ber NVE gje konsesjon i tråd med praksis for småkraftverk med ei minstevassføring lik den alminnelege lågvassføring – jf vassressurslova §10.

Kommunen meiner det er tenleg med ein heimel for å kunne revidere konsesjonsvilkåra på lik linje med konsesjonar etter vassdragsreguleringslova (30 år revisjonsintervall). Grunngjeving for dette er at Lårdalsåi er eit sentralt og viktig landskapselement i bygda Lårdal, og det bør vera høve for almenne interesser til å krevje revisjon av vilkår etter at kraftverka har vore i drift ein slik periode.

Området der kraftstasjonen til nye Lårdalsåi kraftverk er tenkt plassert er regulert til spesialområde verneverdig grunna den gamle kraftstasjonen som ligg der i dag. Kommunen vil så langt råd er syte for at denne reguleringsføresegna ikkje hindrar utbygging når omsynet bak vernet vert stetta på ein god måte.

Saksprotokoll i Utviklingsutvalet - 04.09.2014

Framlegg frå Geir Arild Djuve som erstattar 1. avsnitt i rådmannen sitt framlegg:

«Tokke kommune stør søknaden om konsesjon for Lårdalsåi Kraftverk, slik det ligg føre, og ber NVE gje konsesjon i tråd med praksis for småkraftverk med ei minstevassføring lik den alminnelege lågvassføring- jfr vassressurslova §10. Av omsyn til og ålmentas interesser vert det ikkje tilrådd konsesjon for Lårdal Kraftverk (det øvre), slik det ligg føre».

Framlegget frå Geir Arild Djuve vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg 1. avsnitt og vart tilrådd vedteke med 4 mot 3 røyster.

Rådmannen sitt framlegg 2. og 3. avsnitt vart samrøystes tilrådd vedteke.

Vedtak

Tokke kommune stør søknaden om konsesjon for Lårdalsåi Kraftverk, slik det ligg føre, og ber NVE gje konsesjon i tråd med praksis for småkraftverk med ei minstevassføring lik den alminnelege lågvassføring- jfr vassressurslova §10. Av omsyn til og ålmentas interesser vert det ikkje tilrådd konsesjon for Lårdal Kraftverk (det øvre), slik det ligg føre.

Kommunen meiner det er tenleg med ein heimel for å kunne revidere konsesjonsvilkåra på lik linje med konsesjonar etter vassdragsreguleringslova (30 år revisjonsintervall). Grunngeving for dette er at Lårdalsåi er eit sentralt og viktig landskapselement i bygda Lårdal, og det bør vera høve for ålmenne interesser til å krevje revisjon av vilkår etter at kraftverka har vore i drift ein slik periode.

Området der kraftstasjonen til nye Lårdalsåi kraftverk er tenkt plassert er regulert til spesialområde verneverdig grunna den gamle kraftstasjonen som ligg der i dag. Kommunen vil så langt råd er syte for at denne reguleringsføresegna ikkje hindrar utbygging når omsynet bak vernet vert stetta på ein god måte.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 16.09.2014

Jarle Solbu tok opp spørsmålet om han var ugild i saka.
Solbu vart samrøystes vedteke ugild i saka og gjekk frå under handsaminga av saka.
Varamedlem Mona Sofie Skafså tok del under handsaming av saka.

Birgith Johanne K. Olsnes sette fram fylgjande framlegg:
« Tokke kommune stør ikkje søknaden om konsesjon for Lårdalsåi Kraftverk, då ein vurderar ulempene ved ei utbygging som større enn fordelane.»

Tokke SP v/Thor Arne Heggveit sette fram fylgjande framlegg:
«Sak 14/47 Søknader om konsesjon for kraftproduksjon i Lårdalsåi.
Nytt tilleggspunkt:
Noko av avkastinga Tokke kommune får gjennom eigarskapet i utbygginga skal settast av til eit fond for varige trivselstiltak i Lårdal.»

Tokke AP, Tokke Høgre og Tokke Krf v/Sigvart Asle Lie sette fram fylgjande framlegg:
«Sak 14/47 tillegg til rådmannens framlegg – avsnitt 4:
Tokke kommunestyre skal i samband med budsjetthandsaminga kvart år vurdere å avsetje ein høveleg del av kraftinntektene til formål som skal kome bygda til gode.»

Avrøysting:

Rådmannen si tilråding og framlegget frå Birgith Johanne K. Olsnes vart sett opp mot kvarandre.

Rådmannen si tilråding vart vedteke med 18 mot 2 røyster.

Tilrådinga frå rådmannen vart så sett opp mot tilrådinga frå Utviklingsutvalet.
Tilrådinga frå rådmannen vart vedteke med 18 mot 2 røyster.

Framlegget frå Tokke SP v/Thor Arne Heggveit fall med 14 mot 6 røyster.

Framlegget Frå Tokke AP, Tokke Høgre og Tokke Krf v/Sigvart Asle Lie vart vedteke med 18 mot 2 røyster.

Vedtak

Tokke kommune støttar søknadane om konsesjon for bygging av Lårdal kraftverk og Lårdalsåi kraftverk slik dei ligg føre, og ber NVE gje konsesjon i tråd med praksis for småkraftverk med ei minstevassføring lik den alminnelege lågvassføring – jf vassressurslova §10.

Kommunen meiner det er tenleg med ein heimel for å kunne revidere konsesjonsvilkåra på lik linje med konsesjonar etter vassdragsreguleringslova (30 år revisjonsintervall). Grunngeving for dette er at Lårdalsåi er eit sentralt og viktig landskapselement i bygda Lårdal, og det bør vera høve for ålmenne interesser til å krevje revisjon av vilkår etter at kraftverka har vore i drift ein slik periode.

Området der kraftstasjonen til nye Lårdalsåi kraftverk er tenkt plassert er regulert til spesialområde verneverdig grunna den gamle kraftstasjonen som ligg der i dag. Kommunen vil så langt råd er syte for at denne reguleringsføresegna ikkje hindrar utbygging når omsynet bak vernet vert stetta på ein god måte.

Tokke kommunestyre skal i samband med budsjetthandsaminga kvart år vurdere å avsetje ein høveleg del av kraftinntektene til formål som skal kome bygda til gode.

PS 14/48 Driftsproblem ved Høydalsmo barnehage

HANDSAMING I SU:

FRAMLEGG FRÅ SU I LÅRDAL OG HØYDALSMO:

SU sluttar seg til alt. 4 som ei mellombels løysing for barnehageåret 14/15.

Ein føreset:

- Drift av 1. avd. både i Lårdal og Høydalsmo frå barnehageåret 15/16
- SU føreset at vedtak om barnehage- og skulestruktur frå 22.04.14 står fast.

Vedtak; Samrøystes

Merknad/tilførsel:

Foreldrerepresentanten i Lårdal meiner alt. 6 er det best, men ser at det ikkje er fleirtal for alternativet, og går derfor for eit felles framlegg frå SU i Høydalsmo og Lårdal.

Alle alternativa som er lagt fram, er mogeleg å oppretthalde ei forsvarleg drift. Likevel er det frå rådmannen ikkje ynskjeleg med alternativ 1.